

## **Skjema for opplysningar om angrerett**

Den næringsdrivande fyller ut og gir skjemaet til forbrukaren. Ved korrekt utfylt skjema er opplysningane i angrerettlova § 8 første ledd bokstav h, i og j, jf. andre ledd, å sjå som gitte.

### **Angrerett**

Du har rett til å gå ifrå denne avtalen i løpet av 14 dagar utan å grunngi dette. Angrefristen går ut 14 dagar etter den dagen du eller ein annan tredjemann enn transportøren, som du har peika ut, får varene fysisk i hende.

For å kunne bruke angreretten må du opplyse oss

Nerheim Invest AS

Njordvegen 36, 5580 Ølen

Tel: 97347055 - E-Post: post@nordav.net

på ein eintydig måte om at du vel å gå ifrå avtalen (t.d. i eit brev sendt i posten, telefaks eller e-post).

Du kan bruke det vedlagde angreskjemaet, men det er ikkje obligatorisk.

For å overhalde angrefristen er det nok at du sender meldinga om at du vil bruke angreretten før angrefristen går ut.

### **Verknadene av å bruke angreretten**

Dersom du går ifrå denne avtalen, skal vi betale tilbake alle betalingar vi har fått frå deg, medrekna leveringskostnadene (med unntak av tilleggskostnader som følger av at du har valt ein annan type levering enn den billegaste typen standardlevering vi tilbyr), utan unødig opphold og i alle tilfelle seinast 14 dagar etter den dagen vi fekk melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen.

Vi gjennomfører tilbakebetalinga med same betalingsmiddel som du brukte ved den opphavlege transaksjonen, med mindre du uttrykkjeleg har avtala noko anna med oss.

I alle tilfelle vil det ikkje kome noko gebyr som følgje av tilbakebetalinga.

Vi kan halde tilbake tilbakebetalinga til vi har fått varene tilbake, eller til du har lagt fram dokumentasjon på at varene er sende tilbake, eller til det tidlegaste av desse tidspunktta.

Du må returnere varene eller levere dei til oss, utan unødig opphold og i alle tilfelle seinast 14 dagar etter den dagen du sende oss melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen. Du har overhalde fristen dersom du sender tilbake varene før fristen på 14 dagar har gått ut.

Du må ta dei direkte kostnadene ved å returnere varene.

Du er ansvarleg berre for ein eventuell reduksjon i vareverdien som kjem av ei anna handtering av varene enn den som er nødvendig for å fastslå art, eigenskapar og funksjon ved dei.